



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

Næringsorganisasjonar, departement og etatar
(sjå liste)

Dykkar ref

Vår ref
200700553-1/KBJ

Dato
06.02.2007

Næringsrett på Internett - invitasjon til høyringsmøte

På oppdrag frå Nærings- og handelsdepartementet har Forvaltingsinfo AS utarbeidet rapporten *Næringsrett på Internett* - Forslag til strategi for samordning av nettsteder med offentlig næringsinformasjon. Rapporten er lagt ut på Odin, på NHD under dokument/rapportar. De kan også få den tilsendt frå NHD.

NHD vil med dette invitere til høyringsmøte om rapporten tysdag 27. februar kl 0900 i NHDs møterom 3013 i R4, Einar Gerhardsens pl. 1. i Oslo.

Forvaltningsinfo AS v/Tor Nygaard vil presentere rapporten, med særleg vekt på forslaga til vidare arbeid. Deretter blir det opna for synspunkt og debatt. Vi er særleg interesserte i å høyra næringsorganisasjonane sine vurderingar av dette arbeidsområdet, og rapporten og forslaga der. NHD vil deretter ta stilling til den vidare oppfølginga av rapporten, i samråd med involverte departement/etatar/nettstader.

Dei som ønskjer å koma med skriftlege kommentarar i staden for eller i tillegg til å delta på møtet, er velkomne til det. Vi ber om slike innspel innan 15. mars 2007.

Påmelding til møtet til Gunnvor Mortensen, epost gmo@nhd.dep.no eller telefon 22 24 66 73 innan 21. februar. Vel møtt!

Med helsing

Emma J. Stenseth (e.f.)
avdelingsdirektør

Kari Bjørke
underdirektør

Mottakarar:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Finansdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Miljøverndepartementet
Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Brønnøysundregistrene
Direktoratet for arbeidstilsynet
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
NAV
Husbanken
Innovasjon Norge
Skattedirektoratet
Statens bygningstekniske etat
Statens forurensningstilsyn
Statistisk Sentralbyrå
Kommunenes Sentralforbund
Næringslivets Hovedorganisasjon
Finansnærings Hovedorganisasjon
Handels- og servicenærings Hovedorganisasjon
Bedriftsforbundet
Sparebankforeningen
Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
Veiledningsinstituttet i Nord-Norge
Norge.no
Statskonsult AS
NorStella
regelhjelp.no v/prosjektleder Kirsti Thorbjørnsen
Oslo kommune, Næringsetaten